



## 2.1.6

# Rettleiing for supplerande nominasjon

## Val av sokneråd

Der det har kome inn berre éi liste, og lista inneheld færre kandidatar enn det som krevst, skal det opnast for supplerande nominasjon. jf. *Reglar for val av sokneråd (sr)* § 7-6 første ledd.

Fristen for supplerande nominasjon er éin månad etter godkjenning av listeforslag med innleveringsfrist 1. mai, jf. sr § 7-6 første ledd. Fristen for supplerande nominasjon blir derfor om lag 1. juni 2015, og seinast 8. juni 2015. Dette blir kunngjort i kvart einiskilt tilfelle av det lokale valstyret.

Forslag som fyller krava, skal først opp på kandidatlista. Supplerande kandidatar skal setjast nedst på lista. Rekkjefølgja av dei supplerande kandidatane skal avgjerast ved loddtrekking. Det skal gå tydeleg fram på røystesetelen at dei supplerande kandidatane ikkje er dei nedst prioriterte kandidatane føreslått av nominasjonskomiteen, jf. sr § 7-6 tredje ledd.

### Krav til forslag ved supplerande nominasjon

- Eit forslag til kandidat fremja ved supplerande nominasjon skal vere eigenhendig underskrive av fem røysteføre forslagsstillarar, jf. sr § 7-6 andre ledd.
- Det må gå fram av forslaget kva val det gjeld, med namn på soknet og opplysningar om valdagar.
- Kandidatane skal vere spurde om å stille til val for at forslaget skal kunne godkjennast.

Som vedlegg til forslaget skal det følgje opplysningar om fødselsdatoen til kandidatane og kontaktinformasjon. Dersom ein kandidat ikkje er ført inn i manntalet som busett i soknet, må det ligge føre dokumentasjon på at personen oppfyller krava til røysterett og til å kunne veljast på valdagen, jf. sr § 7-1 tredje ledd. Det blir også rådd til å ta med opplysningar på den endelege kandidatlista om bustaden – gatenamn eller grend og poststad – til kandidatane (ikkje fullstendig bustadadresse) og stilling/yrke. Det overordna siktemålet må vere at veljarane skal vite noko om kandidatane til å vurdere kven dei vil røyste på.

Ein kandidat kan sjølv stå som ein av forslagsstillarane, jf. sr § 7-1 fjerde ledd.

### Kriterium for nominasjon til sokneråd

Forslagsstillarane bør ta omsyn til ei rad faktorar:

- *Kjønnsfordeling* – minst 40 prosent av kvart kjønn
- *Aldersrepresentasjon* – spreiding i alder, kandidatar under 30 år (mål: 20 prosent)
- Ei rimeleg *geografisk spreiding*
- *Personlege eigenskapar*; kandidatane bør ha eit alminnelig godt omdømme i kyrkjelyden
- Ulik *bakgrunn, erfaring og funksjonsevne*
- *Kontinuitet i soknerådet*. Ein bør prøve å få med nokre røynde medlemmer som er villige til å stille til attval. Ved førre val var ca. 75 prosent av medlemmer nye. Mykje verdifull erfaring går ofte tapt. Det er derfor eit mål å auke attvalsprosenten.
- *Kyrkjeleg og kyrkjepolitisk breidd*. Det er viktig at soknerådet avspeglar noko av breidda blant medlemmene. Eit einssidig samansett sokneråd, der alle er samde om det meste, gir gjerne for liten motstand og dynamikk i rådet.
- *Moglege leiareemne* (leiarkandidatar) bør ein òg ha for auge.
- *Kandidatar* som kan veljast inn som medlem(mer) i *kyrkjefellesråd*. Erfaring frå lokalpolitikk kan her vere nyttig.

I kommunar med berre eitt sokn utøver soknerådet dei funksjonane som elles ligg til kyrkjeleg fellesråd, jf. kyrkje-lova § 5 andre ledd. Dei som i desse sokna blir valde inn i soknerådet, blir samtidig medlemmer av fellesrådet. Det er viktig at dei kandidatane som blir spurde om å stille til val, blir informerte om dette.

Det er ikkje noko i lova som er til hinder for at tilsette i kyrkjelyden kan stille til val, jf. kyrkjelova § 6 tredje og fjerde ledd. Tilsette kan såleis stå på ei liste og veljast inn i soknerådet.

### Gi aktuelle kandidatar informasjon om kva vervet inneber

På nettsidene [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no) / [www.kirkevalget.no](http://www.kirkevalget.no) ligg det forslag til ein vervebrosjyre som kan nyttast når aktuelle personar skal spørjast.

Dei fleste som blir spurde, har behov for kunnskap om kva eit slikt verv inneber, kva ein forpliktar seg til, kva som blir forventa av ein, kor ofte det blir halde møte, i kva grad ein får møtegodtgjersle, osv.

Brosjyret teksten har ein generell karakter og må supplerast med informasjon om verksemda i den aktuelle kyrkjelyden og spesielle utfordringar i soknerådsarbeidet.

### **Innhente opplysningar om kandidatane til bruk ved presentasjonen**

Forslagsstillarane innhentar opplysningar om kandidatane til bruk ved presentasjonen av kandidatane. Eit minimum er oppgitt i valreglane, sr § 7-1 e.

Det er laga eit skjema for innhenting av opplysningar om kandidatar som kan nyttast for å skaffe ytterlegare informasjon til presentasjonen av kandidatane. Det er ikkje eit regelfesta pålegg at kandidatane skal oppgi slik

informasjon, så det må vere opp til forslagsstillarane å bestemme om ein ønskjer å innhente slik informasjon, og eventuelt kor mykje, og det må vere opp til kandidatane å bestemme kor mykje informasjon dei ønskjer å oppgi.

Det er utarbeidd eit eige standardskjema for innlevering av forslag på kandidatar ved supplerande nominasjon.

Begge skjema,

- Skjema 2.1.4 *Skjema for innhenting av opplysningar om kandidatane (SR)*
- Skjema 2.1.6 *Skjema for supplerande nominasjon (SR)*

kan lastast ned frå [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no) / [www.kirkevalget.no](http://www.kirkevalget.no).